

Ikkje parker ved avkøyrsla til Dønhaug.

29.07.2017



Skiltet er lett å sjå og bør vera lett å respektera.

Det nærmar seg årets store fest, Festidalen, og i samband med den vert det ein god del trafikk med stooore køyretøy til arenaen på Dønhaug. Festidalen fekk utvida vegen på Kjærlandssido for nokre år sidan for at køyretøya skal klara svingen opp til Dønhaug. Det er derfor svært viktig at ingen parkerer på denne utvidinga dei næraste vekene.



Ikkje parker på utvidinga av vegen der den grøne bilen er parkert!

Plassen der vegen vart utvida har tidvis vore brukt til parkering, ofte av elvefiskarar. Festidalen har no sett opp plakatar for å minna om at det ikkje må parkerast der i samband med arbeidet på Festidalen-jordet. Denne plassen må vera fri for parkering til oppryddinga etter Festidalen er avslutta då det er mykje transport med store køyretøy til og frå Dønhaug i denne perioden.

Ein del utstyr er allereie på plass på Dønhaug, men frå no av vil det auka på, og frå mandag er det full trøkk med dugnadsarbeid for å gjera arenaen klar til Festidalen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.